

Invitasjon og program Rådgjeving og FoU i landbruket – Seminar – 4. desember 2014

Fylkesmannen har arrangert seminar for Rådgjeving, Forsking og Utvikling (RFoU) to av dei tre siste åra. Målsetjinga er å etablere og halde oppe eit nettverk der aktørane kan møtes for gjensidig læring, erfaringsdeling, idémyldring og sonderingar rundt samarbeid. Ambisjonen er å gjere dette til eit årvisst arrangement, men slik at både form, innhald og deltaking kan variere over tid. Møtet skal vere ein arena for å identifisere utfordringar som det særleg viktig å løyse.

Tid for seminaret i 2014: Torsdag 4. desember , kl. 09:30 – 15:30

Stad: Alexandra hotell, Molde

Målgruppe : Primær målgruppe er talspersonar for landbruket sine organisasjonar, offentleg forvaltning og landbruksretta forskning

Påmeldingsfrist: 20. november 2014

Invitasjonen bør vidaresendast internt i organisasjonane til den eller dei dette passar for.

Programmet er ikkje ferdig i alle detaljar, og ikkje alle innleiarane er på plass. Eg sender likevel ut skissa no, slik at datoen kan sikrast.

Eg tar gjerne mot innspel på tema som bør løftast fram på seminaret.

Meld deg på og merk av datoen.

Påmelding: Det er bindande elektronisk påmelding innen 20. november 2014.

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til fmmkurs@fylkesmannen.no eller 71 25 80 67 / 71 25 85 05.

09:30	09:40	Opning
09:40	10:00	Organisasjonar i endring (korte innlegg – 10 minutt frå kvar) Nye Bioforsk – kva er status? NLR er i forandring – kva skjer?
10:00	11:00	Tverrfagleg samarbeid i rådgjevinga- Potensiale eller heft? Innleiing frå NLR, Tine og Nortura
11:00	11:15	Pause
11:15	12:00	Forsking og kompetanse – er jobben gjort, men konklusjonen gløymt? Kva er gjort – og kva bør gjerast for å gjere forskingsresultat og kompetanse tilgjengeleg for landbruksnæringa
12:00	13:00	Lunsj
13:00	13:30	Landbruksmeldinga to år etter Kva er status – og kvar går vi?
13:30	13:45	Diskusjon og spørsmål
13:45	14:00	Pause
14:00	15:30	Prioriterte innsatsområde framover FoU - prioriterte innsatsområde Rådgjeving